

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	20/226

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
033/2022	Formannskapet	PS	29.11.2022

### Høyring og offentleg ettersyn

### Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

#### Forslag til vedtak:

**Formannskapet i Modalen har ingen innspel på endringar til høyringsutkastet for Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland**

Formannskapet har følgjande innspel til høyringsutkastet for Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland:

Ser det som ein fordel at det vert tilrettelagt for sjøsetjing av kajakk langs fjorden i Modalen kommune.

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Planforslag for Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland ligg no til høyring med høyringsfrist 6. desember 2022.

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeidd eit forslag til interkommunal plan for sjøarealet i kommunane, jf. plan og bygningslova (tbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU juni 2021.

Planområdet omfattar sjøarealet i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Planområdet gjeld berre sjøområda. Det vil seie frå flomålet i elveosar, vassflata, vassøyla ned og sjølve sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja og etter rammene elles i hamne- og farvannslova.

Dette er ein arealplan for sjøarealet over kommunegrensene og skal sikre langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk

bindande plan på kommuneplannivå.

Trykk her for å lese forslaget til arealplan for sjøareala Region Nordhordland.

[Høyring og offentleg ettersyn - Plan for sjøareal - Region Nordhordland](#)

<https://regionnordhordland.no/artikkel/Hoeyring-og-offentleg-etttersyn---Plan-for-sjoeareal>

#### Planforslaget – med dokument

Informasjon, oversikt og tilgang til forslaget til plan finn ein på (ikkje lagt ved her):

- a. [www.regionnordhordland.no](http://www.regionnordhordland.no)
- b. Under «Høyring og kunngjering» og / eller «Aktuelt» på heimesida til dei deltagande kommunane
- c. Dokumenta vert også lagt ut i resepsjonen på kommunehusa og i biblioteka

#### Karttenester

For å få oversikt over planområdet til arealbruk kan du for heile planområdet bruke:

- d. [www.nhkart.no](http://www.nhkart.no)

Alle innbyggjarar, næringsaktørar, frivillige lag og organisasjonar og offentlege mynde kan sende inn merknad til planforslaget. Det kan gjelde forslag til arealplan og føresegner til arealplanen.

#### Vurdering

Eit hovudføremål med planlegging etter pbl er å fremme berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling.

Planen skal vere ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene og at det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda.

#### Konklusjon

Rådmannen vurderer at planforslaget som er lagt på høyring har teke innspela som har kome frå Modalen inn i planen på ein god måte.

## **Formannskapet - 033/2022**

#### **FOR - behandling:**

Kristin Nåmdal orienterte om arbeidet med interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, som no er ute på høyring. Det har kome fleire merknader i høyringprosessen, og det har vore stort engasjement rundt planen. Det kan vere nyttig med ei utvida orientering i kommunestyret når alle merknadene er kome og vurdert inn i planen.

Formannskapet ønskjer å kome med innspel om at det med fordel vert tilrettelagt for sjøsetjing av kajakk langs fjorden i Modalen kommune.

Alternativt framlegg til vedtak frå ordførar vart samrøystes vedteke

**FOR - vedtak:**

Formannskapet har følgjande innspel til høyringsutkastet for Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland:

Ser det som ein fordel at det vert tilrettelagt for sjøsetjing av kajakk langs fjorden i Modalen kommune.

**Vedlegg:**

Høyringsbrev interkommunal plan for sjøareal Region Nordhordland 20.10.2022.